



## Notat

Dato: 16.11.2016  
Arkivsak: 2016/412-34  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om kostnader med nye ferjekontrakter

I møteprotokollen frå møte i utval for miljø og samferdsel 03.11.16 framgår følgjande:

*I samband med budsjettet har Marthe Hammer (SV) bede om at utval for miljø og samferdsel får ei orientering om kostnadene ved nye ferjekontraktar, helst eit skriftleg notat med talmateriale.*

Fylkesrådmannen kan opplyse om at det så langt er rutepakke 1 som er tildelt. Denne rutepakken består av følgjande samband:

- Leirvåg – Sløvåg
- Fedje – Sævrøy
- Hufthamar – Krokeide
- Husavik – Sandvikvåg
- Hatvik – Venjaneset
- Halhjem – Våge
- Langevåg – Buavåg

Kontrakten for sambanda Krokeide-Hufthamar og Husavik-Sandvikvåg har oppstart 1. januar 2018, medan resten av sambanda startar opp 1. januar 2020. Alle kontraktane varar fram til 31 desember 2029.

Konkurransen er gjennomført på bakgrunn av minstekrav og tildelingskriterier fastlagt i fylkestings sak 05/2016. Etter gjennomførte forhandlingar vart kontrakt 20.10.16 tildelt Fjord1 AS. Fjord1 forpliktar seg i denne kontrakten til å redusere CO2 utsleppa med 87% i høve dagens nivå og å redusere energibruken med 60% (dette miljøkravet gjeld frå 01.01.20 noko som betyr at det er høve til å nytta midlertidig materiell på sambanda Krokeide-Hufthamar og Husavik-Sandvikvåg fram til nemnte tidspunkt).

Kontrakten med Fjord1 på rutepakke 1 har ein total kontraktsverdi på vel 3,5 milliardar kroner. I tillegg skal det gjennomførast eingongsinvesteringar på landsida knytt til infrastruktur for straum/batteri for ein nettosum på 172 millionar kroner.

Kontrakten for rutepakke 1 medfører auka kostnader for fylkeskommunen i framtida. Fylkesrådmannen sine estimat syner at vi for denne kontrakten får om lag 75 MNOK kroner i meirkostnad for 2018 og om lag 55 MNOK i meirkostnader for 2019. Frå 2020 vert dei årlege meirkostnadene for desse sju sambanda på om lag 100 MNOK pr. år.